

Alsaker Fjordbruk AS

5694 ONARHEIM

Vår dato: 07.04.2021

Vår ref.: 202105777-2

Arkiv: 311

Dykkar dato: 11.03.2021

Dykkar ref.: Kristian Rasberg

Sakshandsamar:

Silje Aakre Solheim

22959544/saas@nve.no

NVE si vurdering av Bjølve Bruk AS sine planar om produksjon av berggylt

Vi viser til førespurnad av 11.3 2021 der de ber NVE vurdere planane dykkar om å produsere berggylt i forhold til vassressurslova.

Bakgrunn for saka

Alsaker Fjordbruk AS sitt settefiskanlegg Bjølve Bruk i Ålvik i Kvam herad har i dag løyve til å produsere 8,75 millionar sjøklar laksesmolt. Dei planlegg no å omgjere ein mindre del av produksjonen til å også omfatte arten berggylt. Dette vil skjer i eksisterande avdeling og innanfor eksisterande ferskvassuttak.

Settefiskanlegget tek ut 30 m³/min frå Bjølvo kraftverk sitt utløp. Denne bruken av vassressursen har vore praktisert i fleire tiår i forståing med rettshavarane.

Produksjonen av berggylt vil vere basert på sjøvatn. I korte periodar kan det vere aktuelt å tilføre noko ferskvatn i produksjonsvatnet for å styre salinitet/danne brakkvatn.

Den 7.3.2012 vurderte NVE at eit vassuttak på 30 m³/min til Bjølve bruk ikkje var konsesjonspliktig. Den gongen vart det lagt vekt på at Bjølve bruk hadde ein avtale med Statkraft AS om bruken av vassressursen og vi meinte at krafttapet kunne akseptierast. Den gongen gjaldt vassuttaket til ein produksjon av 2,5 millionar smolt. Vi kan ikkje sjå at NVE har behandla auken til 8,75 millionar som no er oppgitt. Vassmengda er oppgitt til den same no som då, så NVE reknar med at det er teke i bruk resirkuleringsteknologi.

NVE si vurdering

Berggylt er ein saltvassfisk og vil normalt ikkje ha behov for tilgang på ferskvatn. Tiltakshavar skriv at det i korte periodar kan vere behov for noko ferskvatn, men at dette vil skje innanfor dei mengdene som er praktisert i dag. NVE kan ikkje sjå at dette skal føre til endringar for allmenne interesser knytt til vassdraget.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



NVE vurderer planane slik dei er lagt frem til ikkje å krevje noko vidare handsaming etter reglane i vassressurslova.

NVE si rettleiing

Vi minner om at det er Statkraft AS (eigar av kraftverket) sitt ansvar å halde seg innanfor gjeldande konsesjon for regulering og vassuttak i vassdraget.

Vi gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det viser seg at allmenne interesser kan bli påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. Planen bør i så tilfelle sendast til NVE for ny vurdering. Ved utførte tiltak som er konsesjonspliktige etter vassressurslova, vil NVE med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting. Iverksetting av konsesjonspliktige tiltak utan nødvendig løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Alsaker Fjordbruk AS v/Kristian Råsberg
STATKRAFT AS
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE